



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Teknisk utval  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Ulstein rådhus  
**Dato:** 15.11.2018  
**Tid:** 09:00–13:25

### Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Alf Johan Antonsen	Leiar	FRP
Kristin Opsahl Myrene	Nestleiar	SP
Kari Warholm	Medlem	H
Hanne Notøy	Medlem	AP

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Odd Arne Vikebakk	MEDL	KRF
Hannelore Måseide	MEDL	V (permisjon)
Magne Gurskevik	MEDL	AP

### Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Olav Sæter	Odd Arne Vikebakk	KRF
Einar Magne Skeide	Hannelore Måseide	V
Hans Petter Th. Ulstein	Magne Gurskevik	H
Ragnhild Boasson Munkelien	A. J. Antonsen i enkeltsak	FRP

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Arne Runar Vik	Kommunalsjef for teknisk etat
Odd Kåre Wiik	Avdelingsleiar, drift og anlegg
Arild Støylen	Ingeniør
Arnfinn Rørvik	Ingeniør/bustadkonsulent
Svein Arne Orvik	Leiar i avd. for demokrati og kommunikasjon

### Permisjonar/Ugildskap

Alf Johan Antonsen vart funnen ugild i sak PS 18/114.  
Hans Petter Thoresen Ulstein vart funnen ugild i sak PS 18/113.  
Hans Petter Thoresen Ulstein hadde fått permisjon før røystinga i sak PS 18/119.

# SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 18/109	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 18/110	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 18/111	MELDINGSSAKER	
PS 18/112	DELEGASJONSSAKER	
RS 18/20	VEDTAK I KLAGESAK - MELLOMBELS FORBOD MOT TILTAK - BJØRNDALVEGEN	2018/419
RS 18/21	VEDTAK I KLAGESAK ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	2017/2833
RS 18/22	MELDING OM VEDTAK - NY BEHANDLING AV SAK OM HANDHEVING OG SKILTING AV PARKERINGSPLASSAR FOR RØRSLEHEMMA	2018/948
DS 18/157	LØYVE TIL MELLOMBELS UTSLEPP AV SANITÆRT AVLØPSVATN	2018/1038
DS 18/158	LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM	2018/1221
DS 18/159	LØYVE TIL OPPFØRING AV TILBYGG, BILVERKSTAD	2018/1198
DS 18/160	LØYVE TIL OPPFØRING AV TILBYGG/VINTERSTOVE OG DISPENSASJON BYGGEGRENSE	2018/1303
DS 18/161	LØYVE TIL REHABILITERING AV SKORSTEIN	2018/1426
DS 18/162	LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM	2018/1438
DS 18/163	LØYVE TIL OPPFØRING AV PUMPESTASJON FOR AVLØP OG TILKOMSTVEG	2018/1454
DS 18/164	LØYVE TIL BRUK AV HELIKOPTER TIL HATLØYA	2017/1229
DS 18/165	LØYVE TIL OPPFØRING AV GARASJE-/ LAGERBYGG	2018/537
DS 18/166	LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM	2018/1404
DS 18/167	LØYVE TIL OPPFØRING AV LAGERTELT	2018/1589
DS 18/168	LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	2018/1393
DS 18/169	LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM	2018/1500
DS 18/170	LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM	2018/1511
DS 18/171	LØYVE TIL BRUK AV HELIKOPTER VED LISJEVATNET	2017/1229
DS 18/172	GARASJE OG STØTTEMUR	2018/1195
DS 18/173	TOMANNSBUSTAD MED TILHØYRANDE STØTTEMURAR	2018/550
DS 18/174	MINDRE REGULERINGSENDRING - ENDRING FORMÅLSGRENSER ETTER GRENSEJUSTERING	2011/148
PS 18/113	GNR. 10 BNR. 217. SØKNAD OM DISPENSASJON FOR UTNYTTINGSGRAD - MADS-ANDRE OG MARIA VÆRNES	2018/1580
PS 18/114	SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN - GARASJE	2018/1305
PS 18/115	FLYTEBRYGGE -REVIDERT TILTAK - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅLET I KOMMUNEPLANEN	2018/497
PS 18/116	BRANNVERN SAMARBEID SØRE SUNNMØRE	2018/1642
PS 18/117	FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, MATRIKKELLOVA OG SEKSJONERINGSLOVA.	2018/1641

PS 18/118	GEBYR OG INVESTERING VA 2019	2017/2212
PS 18/119	ØKONOMIPLAN 2019 - 2022	2018/1645

Ulsteinvik, 15.11.2018

Alf Johan Antonsen  
leiar

Svein Arne Orvik  
utvalssekretær

Kari Warholm

Hans Petter Thoresen Ulstein

## **PS 18/109 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Vedtak i teknisk utval 15.11.2018:**

Innkallinga og saklista vert godkjende.

## **PS 18/110 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE**

### **Vedtak i teknisk utval 15.11.2018:**

Protokollen frå møtet 4.10.2018 vert godkjent.

## **PS 18/111 MELDINGSSAKER**

### **Vedtak i teknisk utval 15.11.2018:**

Utvalet tek meldingane til vitende.

## **PS 18/112 DELEGASJONSSAKER**

### **Vedtak i teknisk utval 15.11.2018:**

Utvalet tek delegeringssakene til vitende.

RS 18/20 VEDTAK I KLAGESAK - MELLOMBELS FORBOD MOT TILTAK -  
BJØRNDALVEGEN

RS 18/21 VEDTAK I KLAGESAK ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

RS 18/22 MELDING OM VEDTAK - NY BEHANDLING AV SAK OM HANDHEVING OG  
SKILTING AV PARKERINGSPLASSAR FOR RØRSLEHEMMA

RS 18/23 TILTAK FOR BETRE JORDVERN I KOMMUNANE

DS 18/157 LØYVE TIL MELLOMBELS UTSLEPP AV SANITÆRT AVLØPSVATN  
SIVILINGENIØR SAM LØRGEN AS

DS 18/158 LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM LAILA MIDTFLØ

DS 18/159 LØYVE TIL OPPFØRING AV TILBYGG, BILVERKSTAD OSE  
INGENIØRKONTOR AS

DS 18/160 LØYVE TIL OPPFØRING AV TILBYGG/VINTERSTOVE OG DISPENSASJON  
BYGGEGRENSE HARALD BJERKELAND

DS 18/161 LØYVE TIL REHABILITERING AV SKORSTEIN CEMENTPRODUKT AS

DS 18/162 LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM NORA SOLLAUG DIMMEN

DS 18/163 LØYVE TIL OPPFØRING AV PUMPESTASJON FOR AVLØP OG  
TILKOMSTVEG ASPLAN VIAK AS

DS 18/164 LØYVE TIL BRUK AV HELIKOPTER TIL HATLØYA GRETA KRISTINE  
OVERVÅG

DS 18/165 LØYVE TIL OPPFØRING AV GARASJE-/ LAGERBYGG HANDVERKSBYGG  
AS

DS 18/166 LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM ODDVIN KÅRE VELSVIK

DS 18/167 LØYVE TIL OPPFØRING AV LAGERTELT SIVILINGENIØR SAM LORGEN  
AS

DS 18/168 LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM ETTER PLAN- OG  
BYGNINGSLOVA PER ROAR HAVÅG

DS 18/169 LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM LIV KARIN BREVIK

DS 18/170 LØYVE TIL DELING AV GRUNNEIGEDOM ODDGEIR FJELLE

DS 18/171 LØYVE TIL BRUK AV HELIKOPTER VED LISJEVATNET BENT-ERIK FLØ

DS 18/172 GARASJE OG STØTTEMUR TROND KRISTIANSEN

DS 18/173 TOMANNSBUSTAD MED TILHØYRANDE STØTTEMURAR TØMRER  
SERVICE AS

DS 18/174 MINDRE REGULERINGSENDRING - ENDRING FORMÅLSGRENSER ETTER  
GRENSEJUSTERING TEKNISK

## **PS 18/113 GNR. 10 BNR. 217. SØKNAD OM DISPENSASJON FOR UTNYTTINGSGRAD - MADS-ANDRE OG MARIA VÆRNES**

### **Vedtak i teknisk utval 15.11.2018:**

Teknisk utval gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå reguleringsplanen for Hofset-Holseker-Høddvoll, planID 19750001 for brot på utnyttingsgrad, slik at tiltaket på gnr. 10, bnr. 217 kan oppførast som omsøkt med ein utnyttingsgrad på inntil 29,6% BYA. Grunngeving for dette er at området er regulert til busetnad med sterk utnytting, og at det med basis i føringane til arealdelen av kommuneplanen kan gjevast dispensasjon for utnyttingsgrad inntil 30% generelt for alle byggefelt i kommunen. Samla sett meiner teknisk utval at dispensasjonen ikkje vil vesentleg tilsidesette omsynet som ligg bak føresegna om maksimalt 27 % BYA. I tillegg synest fordelane for søkjar ved å gje dispensasjonen klart større enn ulempene for ongevnadene.

I høve merknaden frå Osnes som går på tap av utsikt, meiner teknisk utval at dette ikkje kan karakteriserast som vesentlege ulemper som t.d. tap av lys, luft og auka innsyn til eigen bustad, jf. t.d. rundskriv H-18/90. Det er i denne konkrete saka lagt til grunn at Osnes er gjenbuar, det er ein vesentleg avstand mellom eigedomane og eit visst tap av utsikt må kunne påreknast når ein er busett i område regulert for sterk utnytting. Teknisk utval finn difor ikkje å kunne ta merknaden til følgje.

Søknaden om rammeløyve kan vidare handsamast administrativt.

### **Handsaming:**

Utvalet var på synfaring på staden.

Hans Petter Thoresen Ulstein bad teknisk utval vurdere gildskapen hans i saka fordi firmaet hans har gitt tilbod på anleggsarbeid på den tomte saka gjeld. Teknisk utval fann at han er ugild og han tok ikkje del i handsaminga av saka. Det var ikkje kalla inn vara.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå kommunalsjefen vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

## **PS 18/114 SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN - GARASJE**

### **Vedtak i teknisk utval 15.11.2018:**

Teknisk utval finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå § 5.3.3.1 (forbod mot tiltak i LNF-område som ikkje er knytt til stadbunden næring) og § 5.3.2.7 (krav til garasjar) i føresegnene til kommuneplanen.

Grunngevinga er at;

1. Omsøkt garasje får grunnflate vesentleg større enn 50 m<sup>2</sup> BYA og mønehøgd vesentleg over 5,0 meter.
2. Mansardtaket – saman med storleiken på garasjebygget – gjev bygget eit for voluminøst preg i høve bustadhuset og omgevnadene.
3. Eigedomen ligg i eit område med både landbrukseigedomar og spreidd busetnad. Garasjen er ikkje knytt til noko landbrukstun eller behov for drifting av

landbrukseigedom. Garasjebygg i bustadområde skal avgrensast i storleik og volum og bør framstå som det dei er og ikkje kopiar av annan bygningstype. Utbygde bustadområder kan endre fullstendig karakter ved oppføring av fleire garasjar med liknande storleik som her omsøkte garasje.

4. Utvalet kan vanskeleg sjå at det ligg føre særlege grunnar for å kunne gje dispensasjon. Eit dispensasjonsvedtak vil sette til side dei omsyna kommuneplanen sine føringar for garasje er meint å ivareta.

### **Handsaming:**

Utvalet var på synfaring på staden.

Alf Johan Antonsen bad teknisk utval vurdere gildskapen hans i saka fordi samboaren hans og kona til søkaren i saka er søsken.

Teknisk utval fann at Antonsen er ugild og han tok ikkje del i handsaminga av saka. Ragnhild Boasson Munkelien tok sete som vara i saka.

Nestleiar Kristin Myrene leia møtet under handsaminga av saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå kommunalsjefen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

## **PS 18/115 FLYTEBRYGGE -REVIDERT TILTAK - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅLET I KOMMUNEPLANEN**

### **Vedtak i teknisk utval 15.11.2018:**

- A. Teknisk utval tek klaga til følgje.
- B. Med vising til plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, reviderte teikningar, søknad og synfaring, gjev teknisk utval dispensasjon frå pbl § 1-8 om forbod mot tiltak m.v. langs sjø og vassdrag, og frå § 5.3.3.1 i kommuneplanen om forbod mot tiltak i LNF-område. Det kan derfor på eigedom gnr. 23, bnr. 17 etablerast flytebrygge med landfeste og gangpassasje langs nordre naustvegg i samsvar med innleverte reviderte teikningar og situasjonsplan, daterte 14.10.2018.
- C. Føresetnaden for å kunne gje dispensasjon er at;
  1. Tiltaket vert avdempa når det gjeld material- og fargebruk i høve omgjevnadene.
  2. Gangpassasjen langs naustet vert utforma og eventuelt merka slik at allmenta oppfattar dette som ein gangpassasje for å sikre fri ferdsel i strandsona.
  3. Eksisterande gangpassasje langs naustet vert gjort sikrare – også for allmenta – ved omsøkt tiltak.
- D. Grunngevinga for å kunne gje dispensasjon er at;
  1. Det ligg føre overvekt av grunnar for at dispensasjon gjevast i denne konkrete saka. Dispensasjon fører ikkje til vesentleg tilsidesetting av dei omsyna pbl § 1-8 og kommuneplanen sine føringar er meint å ivareta, jf. pbl § 19-2 og lovforarbeidet til pbl (Ot. prp. 45, 2007—2008, NOU 2005:12 og NOU 2003:24).

2. Kvalitetane i strandsona og regulert omsynssone H 530\_5 «friluftsliv og naturmiljø» i kommuneplanen vert ivaretatt ved at tiltaket vert redusert/avgrensa og avdempa i høve omgjevnader. Gangpassasjen vert betre tilrettelagt og sikra – også i høve allmenta – som følgje av føresetnader for tiltaket, noko som kan fremje den allmenne bruken av strandsona i området.
3. Eigedomen ligg i enden av regulert omsynssone H 530\_5 «friluftsliv og naturmiljø» og grensar mot regulert og etablert industriområde N11. Denne delen av omsynssone H 530\_5 vert derfor vurdert til å ikkje vere så vesentleg i høve bruken av strandsona som omsynssona vidare sørøver.

E. Sjølve byggesaka kan handsamast vidare administrativt.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå kommunalsjefen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

## **PS 18/116 BRANNVERN SAMARBEID SØRE SUNNMØRE**

### **Uttale frå teknisk utval 15.11.2018:**

Ulstein kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert brannvernssamarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

Ulstein kommunestyre ber om at rådmannen tek ny kontakt med Volda kommune med siktemål om at også nye Volda blir med i utgreiinga.

### **Handsaming:**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Ulstein kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert brannvernssamarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

#### **Fellesframlegg (tillegg):**

Ulstein kommunestyre ber om at rådmannen tek ny kontakt med Volda kommune med siktemål om at også nye Volda blir med i utgreiinga.

### **Røysting:**

Tilrådinga og fellesframlegget vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

## **PS 18/117 FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, MATRIKKELLOVA OG SEKSJONERINGSLOVA.**

### **Tilråding frå teknisk utval 15.11.2018:**



- A. I medhald av § 33-1 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret revidert forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter Plan- og bygningslova.
- B. I medhald av § 32 i Matrikkellova godkjenner kommunestyret revidert forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter Matrikkellova.
- C. I medhald av § 15 i Eigarseksjonslova godkjenner kommunestyret forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter eigarseksjonslova.

Gebyrregulativa vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

## **PS 18/118 GEBYR OG INVESTERING VA 2019**

### **Tilråding frå teknisk utval 15.11.2018:**

- Ny investeringsramme i 2019 for vatn vert sett til 10 mill. kroner, finansiert med lån.
- Satsane for abb.- og forbruksgebyr for vatn, samt målarleige vert auka med 13,5% .
- Investeringsramma for avløp vert sett til 5,7 mill. kroner, finansiert med lån.
- Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for avløp vert auka med 17,4 %.
- Einingsprisar (m<sup>3</sup>) for vatn aukar med 13,5 %. For avløp aukar ein med 17,4 %
- Tilknytingsgebyr vert uendra i høve satsane for 2018.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

## **PS 18/119 ØKONOMIPLAN 2019 - 2022**

### **Uttale frå teknisk utval 15.11.2018:**

Teknisk utval går inn for at det vert løyvd midlar til fortau langs Støylesvingen, jf. prioritet frå fylkeskommunen/Statens vegvesen.

Teknisk utval peikar på at arbeidet med tomteavklaring og planlegging av ny brannstasjon vert vidareført slik at prosjektet vert klargjort for oppstart, jf. at det ligg føre pålegg frå Arbeidstilsynet.

### **Handsaming:**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

1. Rådmann sitt framlegg til økonomiplan 2019 – 2022 og budsjett 2019 vert vedteke slik det går fram av rådmannen sitt framlegg, med følgjande endringar:

-

-  
Dette gir slikt oppsett i skjema 1a/b og 2a/b:

(vert klipt inn ved endeleg vedtak)

2. Ulstein kommune godkjenner eit låneopptak på kr. \*\*, -

Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til Ulstein kommune, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansieringar i budsjettåret 2019.

#### **Fellesframlegg frå utvalet:**

Teknisk utval går inn for at det vert løyvd midlar til fortau langs Støylesvingen, jf. prioritet frå fylkeskommunen/Statens vegvesen.

Teknisk utval peikar på at arbeidet med tomteavklaring og planlegging av ny brannstasjon vert vidareført slik at prosjektet vert klargjort for oppstart, jf. at det ligg føre pålegg frå Arbeidstilsynet.

#### **Røysting:**

Fellesframlegget vart vedteke med 6 mot 0 røyster. Hans Petter Thoresen hadde fått permisjon før røystinga.

-----o-----

Lenke vert sendt til:

1. Teknisk utval
2. Rådmannen
3. Kommunalsjef teknisk
4. Servicetorget
5. Kommunerevisjonen
6. Vest Kontroll v/Jostein Støylen
7. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune  
Avdeling for demokrati og kommunikasjon  
16.11.2018  
Svein Arne Orvik